



Alle samla etter utdelinga. Ingen problem med å sjå denne gjengen! (Foto: Tore Mathiesen).

25 medlemmer møtte opp på Bedehuset måndagskvelden, klare for sin ny hobbyklubbkveld. Denne gongen var det miljøkveld med pizza, brus, leikar og andakt. Temaet for kvelden var refleks og det å bli sett.



Erlend Moen og Oddbjørg Heimark tek i mot ivrige medlemmar som vil ha refleks. (Foto: Tore Mathiesen)

Å bruka refleks er særst viktig no i haustskumringa, og mange går langs vegen for å koma seg til aktivitetane i bygda. Det vekker ettertanke at hvis du går utan refleks i mørke, vil ein bilfører som køyrer i 50 kilometer i timen ha berre to sekundar på å oppdaga deg, medan dette aukar til 10 sekundar med refleks!

Premiane på leikane var refleksar i alle variantar. Eit heldig medlem vann og ein sykkelhjelm. Til slutt fekk alle medlemmane kvar sin refleksvest frå Hobbyklubben og to andre refleksartiklar.

Det er utlyst ein konkurranse når det gjeld bruken av refleksvesten. For kvar gong dei kjem til Hobbyklubben med vesten på, får dei eitt poeng. Den som har fått flest poeng når våren er her, vinn ein Ipod.

Bakgrunnen for konkurransen er Hobbyklubben sitt ønske om å få dei unge uskedalingane til å bruka refleks. Vi andre får prøve å vera like flinke!

Kan nokon komma på ein god grunn for ikkje å bruke ein lett refleksvest som kan redde liv?

Av Britt Torill M. Mathiesen



Den heldige vinnar av ein refleksfotball! (Foto: Tore Mathiesen)